

Møtereferat

Møte: Tlf møte AU Midt

Tid/Sted: Fredag 16.02.18 kl 12.30 – kl 14.30

Tilstede: Lars Morten Rosmo, Olav Håkon Ulfsnes, Ragnar Valstad, Johan Kristian Daling, Trude Sandstad Eldnes, Sverre Tyldum, Kolbjørn Frøseth og Trine Hasvang Vaag.

Forfall: Til sak 1: Arnodd Kjenstadbakk, Bjørn Wæhre, Magne Trondmo, Silje Laugsand Pynten og Pia Matilde Køteles.
Roy Albertsen

Kopi til: Vara AU, leiargruppa region Midt og Tor Olav Brandtzæg

Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 16.02.2018

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	<p>Gjennomgang av årsmelding og rekneskap, basert på plansjeserien til kretsmøta Trine orienterte om rekneskapet, disponering av årsresultatet, årsak til resultatet, NOVA-prosjektet, Nortura forbedringsprogram til 2020.</p> <p>Ragnar orienterte om møte i kretsutval for Oppdal/Rennebu, der tema m.a. var inntransport. Bekymring for eigen transportør, knytt opp mot kostnad. Uro og alliansar mellom transportørar. Forfordeling?</p> <p>Olav Håkon har oppfordra til møte med transportørane for avklaring, botnar i usikkerheit. Dyktige transportørar, leiarutfordring.</p> <p>Silje orienterte om arbeidet med inntransport. Prioritet er lågast mogeleg kostnad, bruke bilane der det er hensiktsmessig, fülle opp bilane mest mogeleg, også på retur og livdyrtransport.</p> <p>Lars Morten har forslag om uttale frå kretsmøta: <i>Kretsmøtet for Nortura krever at ledelsen i Nortura tar opp avtalen om grossistdistribusjon med dagligvarekjedene slik at vi når målene om større effektivitet, mindre matsvinn og de økonomiske resultatene for både Nortura og dagligvare. Skal vi ha en effektiv verdikjede for mat i Norge må vi kunne møtes som likeverdige partnere der begge parter høster gevinsten av samarbeidet.</i> <i>Lykkes vi ikke med dette, må Nortura se på muligheten for samarbeid med andre aktører om å etablere en alternativ distribusjon for å oppnå større effektivitet.</i></p> <p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none">• Oppstartsdato NOVA?• Kva gjer vi for å få kontroll? Fleire ting som vil ramme oss? Dårlege avtalar?• Vanskeleg å forstå kvifor ikkje vi kan auke pris på produkta våre. Er konkurrentane meir effektive enn oss? Er det mogeleg å bygge tilleggsverdiar for meirverdi?• Betenkeleg at vi ikkje tek ned antal årsverk før vi no må. Er 20% rett, eller kan vi redusere meir?• Må få forståing hos kjedene og samfunnet om at bonden må kunne tene pengar, og at vi ikkje berre må redusere kostnader?• Lov om god handelskikk må på plass. Redusert tollvern gjev redusert forhandlingskort.	

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

2 Sakliste og køyreplan for regionutvalsmøte 14.03

Lars Morten ynskjer at det skal vere eit motiverande møte. Vil ta opp eigarrolla i oppstarten av møtet. Vegen vidare: Motiverande innlegg. Arbeidet i kretsane: Motiverande.

Innspel/kommentarar:

- Ynskje om Arne Kristian Kolberg som nr 1, nr 2 Lisbeth Svendsen.
- Bente Roer eller Johan Narum dersom ikkje Trine får til å delta.

Vedtak: Adm jobbar vidare med sakliste og køyreplan for RU-møtet.

3 Eventuelt

- Brit Kari orienterte om status for nye Ny Giv-pilotar. Ho har hatt tlf kontakt med alle kretsleiarane i dei nye aktuelle pilotane: Krets 52 Nasset/Tingvoll/Sunndal, krets 53 Hustadvika og krets 54 Molde og omegn, og krets 30 Lierne/Namsskogan/Røyrvik, krets 32 Sentrale Namdal (nestleiar) og krets 33 Namsos/Fosnes. Alle kretsane var positive til å vere Ny Giv-pilotar, og vert følgt opp etter RU-møtet. Oppmodar AU-medlemene om å fylgje opp dei "gamle" pilotane.
- Sverre: Griseløftet går på dyrevelferd. Antibiotikafri gris har vore tema. Svar frå Trine: Vert truleg ikkje innført.
- Kolbjørn: Status Nidaros kylling? Svar frå Johan Kristian: Ressursgruppe kylling Midt-Norge har sendt brev til styret. Planlagt sal gjennom storhusholdning 200 tonn. Svar frå Trine: Skal følgast opp.